

Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec)
Fjellvegen 9
Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

25/23674 -

13.01.2026

Utanriksdepartementets tildelingsbrev til Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec) for 2026

Innhald

1.	Innleiing.....	2
2.	Overordna mål for norsk utviklingspolitikk.....	2
3.	Mål, styringsparametrar og oppdrag for Norec i 2026.....	2
3.1.	Mål og styringsparametrar for Norec.....	2
3.1.1.	Mål 1: Målgruppene er kjende med og tek i bruk Norec som kompetansesenter for utvekslingssamarbeid.....	2
3.1.2.	Mål 2: Fleire sterke globale partnerskap for berekraftig utvikling.....	3
3.1.3.	Mål 3: Fleire unge menneske har fått internasjonal arbeidserfaring og kompetanse innan berekraftig utvikling.....	3
3.1.4.	Mål 4: Fleire norske borgarar er rekrutterte til internasjonale organisasjonar.....	4
3.2.	Særskilte oppdrag i 2026.....	4
4.	Tildeling av midlar og fullmakter.....	5
4.1.	Budsjettrammer i 2026.....	5
4.2.	Fullmakter.....	6
5.	Fellesføringar frå regjeringa for 2026.....	6
6.	Styringsdialog og rapporteringar.....	7
6.1.	Risikovurderingar.....	7
6.2.	Rapportering.....	7
6.2.1.	Rapportering til Statsrekneskapen.....	7
6.2.2.	Tertialrapportar.....	8
6.2.3.	Årsrapport.....	8
	Vedlegg 1: Styrings- og budsjettkalender 2026.....	10
	Vedlegg 2: Fullmakter.....	12

1. Innleiing

Vi viser til Prop. 1 S (2025-2026) for Utanriksdepartementet og Innst. 7 S (2025-2026). Departementet viser òg til *Hovedinstruks for Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec)*.

Tildelingsbrevet til Norec er utarbeidd på bakgrunn av Stortingets endelege budsjettvedtak av 19. desember 2025 og presenterer rammene for verksemda i 2026. I dette tildelingsbrevet blir dei økonomiske rammene kunngjorde med ei nærare skildring av Utanriksdepartementets føringar for Norec i 2026. Dei mål, styringsparametrar, resultatkrav og oppdrag som kjem fram i dette tildelingsbrevet, er førande for Norec i 2026. Andre tildelingar og føringar gjennom året vil bli formidla i supplerande tildelingsbrev.

Departementet understrekar at tildelingsbrevet ikkje er uttømmende for kva oppgåver Norec skal utføre. Utover dei prioriteringane og krava som vi omtaler i tildelingsbrevet, legg departementet til grunn at den løpande verksemda blir vidareført innanfor dei føringane som følgjer av hovudinstruksen, og anna gjeldande regelverk. Norec har eit sjølvstendig ansvar for å informere departementet om vesentlege avvik på eige ansvarsområde og fremme forslag til moglege korrigerande tiltak.

2. Overordna mål for norsk utviklingspolitikk

Berekraftsmåla, klimamåla og menneskerettane dannar plattformen for den norske utviklingspolitikken og for bruken av bistandsmidlane. Regjeringas hovudmål i utviklingspolitikken er å bidra til samfunnsending gjennom å få bukt med ulikskap og fattigdom, og fremme økonomisk utvikling og velferd i utviklingsland. De tverrgående hensynene menneskerettigheter, kvinners rettigheter og likestilling, klima og miljø, og anti-korrupsjon skal være gjennomgående i all bistand.

Eit velfungerande og inkluderande multilateralt system og ei verdsorden basert på folkeretten er og ei kjerneinteresse for Norec. Norecs arbeid bidreg til å bygge tillit mellom individ, organisasjonar og over landegrensar, i ei tid der den globale tilliten er pressa. Norec skal bidra til å fremme deltaking, ikkje-diskriminering og likestilling. Forventningane departementet har til Norecs bidrag til måla i utviklingspolitikken i 2026, blir konkretisert i kapittel 3 i dette tildelingsbrevet.

3. Mål, styringsparametrar og oppdrag for Norec i 2026

3.1. Mål og styringsparametrar for Norec

3.1.1. Mål 1: Målgruppene er kjende med og tek i bruk Norec som kompetansesenter for utvekslingssamarbeid

Norec skal vere ein aktiv formidlar av kunnskapen dei har om internasjonalt samarbeid gjennom utveksling. Norec skal sikre at norske aktører som arbeider i globale partnerskap og mottar statlig støtte for å nå mål i norsk utviklingspolitikk er kjende med tenestene Norec tilbyr. Norec skal vidareutvikle gode system og praksis for å innhente, produsere og systematisere kunnskap om utvekslingsverksemd i globale partnerskap. Norec skal ha kompetanse om korleis dialog og internasjonalt samarbeid kan gjennomførast med ulike typar metodar og digitale verkemiddel. Dette er kompetanse som bidreg til styrkte moglegheiter for internasjonale partnerskap under endra føresetnader, og er derfor ein kompetanse det er særleg viktig å dele i arbeidet for å nå berekraftsmål 17.

Styringsparameter	SP1: Kurs og kompetansedeling
-------------------	-------------------------------

Rapportering	Årsrapport
<p>Resultatkrav/ambisjonsnivå: Norec skal gjere ei vurdering av i kva grad dei har lykkast med å nå ut til målgruppene med kompetansen sin om utvekslingssamarbeid og korleis Norec si veiledning og kompetansedeling har styrka deira evne til å nå mål i norsk utviklingspolitikk.</p>	

3.1.2. Mål 2: Fleire sterke globale partnerskap for berekraftig utvikling

Norec skal legge til rette for at verksemder og politiske parti kan bruke utveksling og internasjonalt samarbeid for å styrkje arbeidet sitt for berekraftig utvikling lokalt. Det skal nyttast ulike metodar og ordningar som kan styrkje og utfylle kvarandre. Norec skal prioritere land hvor Norec har eit etablert utviklingspolitisk samarbeid og tilstedeværelse. Norec skal ha tydeleg dialog med utanriksstasjonane og Utanriksdepartementet om programverksemda i aktuelle land, kva type programverksemd som finn stad og korleis programverksemda til Norec utfyller anna norsk utviklingssamarbeid i landet eller regionen.

Styringsparameter	SP2: Styrkte partnerskap for berekraftig utvikling
Rapportering	Årsrapport
<p>Resultatkrav/ambisjonsnivå: Norec skal gjere ei vurdering av korleis deira støtte har bidrege til å nå mål 2. Vurderinga skal innehalde desse opplysningane:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tal på nye verksemder som samarbeider om berekraftsmåla, samanlikna med tidlegare år. • Om verksemder har styrka samarbeid. • Om verksemder rapporterer om auka kompetanse. • Om prosjekta har god prgrensjon mot resultatoppnåing. • Kvalitativ vurdering av meirverdi for medlemmer i nettverket og for Norec. 	

3.1.3. Mål 3: Fleire unge menneske har fått internasjonal arbeidserfaring og kompetanse innan berekraftig utvikling

Norecs støtte til utvekslingsprosjekt skal bidra til at unge menneske i land i sør og i Norec får verdifull internasjonal arbeidserfaring og kompetanse innan berekraftig utvikling.

Styringsparameter	SP3: Unge menneske har fått internasjonal arbeidserfaring
Rapportering	Årsrapport
<p>Resultatkrav/ambisjonsnivå: Norec skal gjere ei vurdering av korleis deira støtte til globale partnerskap har bidrege til å nå mål 3. Vurderinga skal innehalde opplysningar om:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Talet på nye deltakarar som har fått internasjonal arbeidserfaring. • Talet på arbeidstimar for deltakarar på utveksling. 	

Styringsparameter	SP4: Unge menneske har fått kompetanse om berekraftig utvikling
Rapportering	Årsrapport
<p>Resultatkrav/ambisjonsnivå: Norec skal gjere ei vurdering av korleis deira støtte til globale partnerskap har bidrege til å nå mål 3. Vurderinga skal innehalde opplysningar om:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Om deltakarar rapporterer om ny fagkunnskap • Om deltakarar rapporterer om nye ferdigheiter 	

- Om deltakarar rapporterer om haldningsendringar

3.1.4. Mål 4: Fleire norske borgarar er rekrutterte til internasjonale organisasjonar

Det er eit mål for regjeringa å få fleire nordmenn inn i viktige internasjonale organisasjonar Noreg samarbeider med og at internasjonale organisasjonar er styrka med faglege ressursar innanfor prioriterte område. Norecs oppgåver knytt til rekruttering av nordmenn til internasjonale organisasjonar skal bidra til desse måla.

Departementet har utarbeidd handlingsplanar for auka rekruttering av norske borgarar til prioriterte internasjonale organisasjonar, jf. Prop. 1 S (2025–2026). Norec skal i 2026 prioritere desse organisasjonane og sikre balanse mellom stillingar ved hovudkvarter og stillingar i felt.

I val av stillingar skal Norec ta omsyn til norske prioriteringar, men samtidig legge vekt på moglegheitene for karriereutvikling for junior- og seniorekspertane i dei enkelte organisasjonane. Norec skal vidareutvikle tilbodet sitt innan karriererettleiing og støtte til norske kandidatar til prioriterte stillingar.

Styringsparameter	SP5: Auka norsk nærvær i internasjonale organisasjonar
Rapportering	Tertialrapportar og årsrapport
<p>Resultatkrav/ambisjonsnivå: Norec skal i årsrapporten gjere ei vurdering av korleis deira arbeid med rekruttering til internasjonale organisasjonar bidreg til auka norsk nærvær i internasjonale organisasjonar.</p> <p>I tertialrapportane og i årsrapporten skal Norec rapportere om:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Status for rekrutteringar av juniorekspertar og seniorekspertar 2. Talet på juniorekspertar som blir tilsette på eit fjerde år med samfinansiering frå FN-organisasjonen, og som blir rekrutterte inn i ordinære FN-stillingar 3. Status for karriererettleiing og støtte til norske kandidatar 	

3.2.Særskilte oppdrag i 2026

Oppdrag 1/2026: Utvikle og vedlikeholde effektive verktøy for å fremme rekruttering av norske kandidatar.

Bakgrunn for oppdraget: Det er behov for ei meir systematisk tilnærming til arbeidet med å fremme norske kandidatar til stillingar i internasjonale organisasjonar.

Beskriving av oppdraget: Norec skal vurdere og anbefale hensiktsmessige verktøy for å fremme rekruttering av norske kandidatar til internasjonale organisasjonar. Verktøyet skal og kunne nyttast til å halde oversikt over potensielle kandidatar og relevante stillingar på høgare nivå.

Frist og rapportering: Andre tertialrapport.

Oppdrag 2/2026: Førebu innføring av SRS

Bakgrunn for oppdraget:

Norec skal innføre periodisert rekneskap etter dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) frå 1. januar 2027.

<p>Beskriving av oppdraget: Norec skal utarbeide opningsbalanse i tråd med DFØ sitt rettleiingsnotat. For å sikre ein god prosess, skal det vere dialog med UD undervegs i arbeidet med etablering av opningsbalansen. Norec skal involvere UD før arbeidet med kartlegging av egedelar startar slik at verksemda og departementet har ei felles forståing og forventning for det vidare arbeidet. UD har ansvar for endeleg godkjenning av opningsbalansen, og tidleg avklaring av forventningar vil både auke forståinga og lette arbeidet knytt til godkjenningsprosessen.</p> <p>Frist og rapportering: Rapportering om status i tertialrapportar.</p>

4. Tildeling av midlar og fullmakter

4.1. Budsjettrammer i 2026

På bakgrunn av Stortingets budsjettvedtak av 19. desember 2025 blir følgjande midlar stilte til disposisjon for Norec i 2026:

Kap.	Post	Formål	Utgjer (i 1000 kroner)
144		Norsk senter for utvekslingsamarbeid, Norec	
	01	Driftsutgifter	79 009
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	13 468
	70	Utvekslingsordningar, <i>kan overførast</i>	153 477
	71	Rekruttering til internasjonale organisasjonar, <i>kan overførast</i>	70 000
159		Regionløyvingar	
	70	Midtausten, <i>kan overførast</i>	3 975
170		Sivilt samfunn	
	70	Sivilt samfunn, <i>kan overførast</i>	8 000
1482		Internasjonale klima- og utviklingstiltak	
	01	Driftsutgifter	840
Sum			328 769

Om tildelinga på kap. 144, post 01:

Løyvinga dekkjer Norecs lønns- og driftsutgifter, og inkluderer drift av den uavhengige avdelinga for evaluering av norsk utviklingssamarbeid. I tillegg omfattar posten driftsutgifter og pensjonsforpliktingar ved rekruttering til multilaterale organisasjonar.

Norec skal legge til rette for at avdelinga for evaluering av norsk utviklingssamarbeid kan gjennomføre oppdraget sitt på vegner av norsk bistandsforvaltning.

Norec har fullmakt til å utgiftsføre betalt meirverdiavgift på kap. 1633 *Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift*, post 01 *Driftsutgifter*, jf. rundskriv R-116.

Om tildelinga på kap. 144, post 21:

Løyvinga skal nyttast til å initiere og gjennomføre uavhengige evalueringar i tråd med Instruks for evalueringsoppgåva i norsk utviklingssamarbeid, fastsett av UD og KLD. Løyvinga dekker utgifter til kjøp av eksterne tenester for evaluering av norsk utviklingssamarbeid.

Om tildelinga på kap. 144, post 70:

Løyvinga dekker støtte til partnerskap mellom verksemder i Noreg og utvalde land i Afrika, Asia og Latin-Amerika. Løyvinga støttar både nord-sør partnerskap og sør-sør partnerskap. Støtta omfattar òg ulike metodar for erfarings- og kompetanseutvikling, blant dei utveksling av personell, digitalt samarbeid, organisasjonsutvikling og nettverksbygging.

Norec skal legge vekt på å støtte ein breitt samansett portefølje av utvekslingsprosjekt, både tematisk og kva aktørar som deltek. Ved nye avtalar skal Norec i 2026 legge vekt på partnerskap som tematisk arbeider med klima og klimatilpassing, likestilling og seksuell og reproduktiv helse og rettar.

Om tildelinga på kap. 144, post 71

Løyvinga dekker finansiering av norske junior- og seniorekspertar til internasjonale organisasjonar som FN og utviklingsbankane og stipendordninga for praktikantar til FN og andre internasjonale organisasjonar. Det bør vera ei rimeleg fordeling mellom junior- og seniorekspertar.

Posten kan òg dekke stønadar til UNV og praktikantar, men det er foreløpig ikkje aktuelt i 2026.

Om tildelinga på kap. 159, post 70 Midtausten

Løyvinga dekker finansiering av ei seniorekspertstilling til Verdsbankens kontor i Al Ram, Palestina.

Om tildelinga på kap. 170, post 70

Tilskotsordninga er retta mot norske politiske parti/ungdomsparti for å fremme utvikling av velfungerande og demokratiske partiorganisasjonar og partisystem i ODA-godkjende utviklingsland.

Om tildelinga på kap. 1482, post 01

Løyvinga skal nyttast til evalueringar som fell innanfor Klima- og skoginitiativets prosjekt og tematiske satsingar. Det gjeld prosjekt og tematiske satsingar under Klima- og skoginitiativet som vert forvalta av KLD, Skogseksjonen i Norad og utvalde ambassadar. I 2026 gjeld det følgande ambassadar; Brasilia, Bogota, Lima (Santiago), Jakarta, Addis Abeba og Kinshasa.

KLD vil i åra 2025, 2026 og 2027 finansiere ei juniorekspertstilling i UNFCCC. Stillinga skal finansierast med midlar frå Klima- og skoginitiativet, kap. 1482, post 73, og bli forvalta av Norec. Norec skal sende forespurnad om betaling til KLD kvart år. For 2026 er det anslått eit budsjettbehov på 1,67 mill. kroner. I tillegg er det venta ei lønsjustering i løpet av første halvår.

4.2. Fullmakter

Vedlegg 1 omtalar årlege budsjettfullmakter og fullmakter som er delegert Utanriksdepartementet, og som Norec må søke departementet om samtykke til å nytte seg av i kvart enkelt tilfelle. I tillegg vert også administrative fullmakter som er delegert Norec omtalt der.

5. Fellesføringar frå regjeringa for 2026

Systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk.

Det er eit mål med systematisk og heilskapleg arbeid for å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk. Norec skal følgje opp dette målet. Verksemda skal ta omsyn til ivaretaking av kjerneoppgåver og kostnadseffektivitet i dette arbeidet. Norec skal òg vurdere korleis klimaendringane

vil påverke verksemda. Norec skal gjere systematiske vurderingar av eige energibruk og ta i bruk lønsame energieffektive løysingar, og auke energifleksibiliteten der dette er relevant.

Positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Regjeringa har høge ambisjonar for inkludering og mangfald. Statlege verksemder skal ha ei positiv utvikling i tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring. Arbeidsgjevarane skal i samarbeid med dei tillitsvalde sjølv definere eit føremålstenleg ambisjonsnivå for verksemda, ut frå eigenart og storleik. I årsrapporten skal Norec gjø tal på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring i 2026, og det totale talet på tilsetjingar i verksemda i 2026. Norec skal og omtale utviklinga i 2026 samanlikna med verksemdas rapportering for 2025.

Redusere bruk av konsulentar

Det er eit mål at staten samla sett skal redusere bruk av konsulentar ved å utvikle eigen kompetanse. Norec skal arbeide for å redusere bruk av konsulentar på områder der verksemda kan bruke interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal ein som hovudregel ikkje bruke tenester frå kommunikasjonsbransjen. Norec skal i årsrapporten for 2026 rapportere om bruk av konsulentar og oppfølginga av fellesføringa, irekna totalbeløp for kjøp av konsulenttenester, kva tiltak som er sett i verk og konkrete resultat. Om det er fagområde og/eller kompetanseområde der konsulentar blir brukt i særleg grad i verksemda, skal bakgrunnen for dette omtalast nærare. Verksemda skal som ein del av rapporteringa òg gi ein overordna omtale av eventuelle kjøp av konsulenttenester frå kommunikasjonsbransjen (alle typar kommunikasjonstenester) i 2026 og opplyse om totalbeløp for kjøp av slike tenester. Om utgiftene til kjøp av konsulenttenester er vesentlege, bør verksemda spesifisere det nærare i note til årsregnskapet. Om verksemda har større kjøp av konsulenttenester frå andre statlege leverandørar, bør dette omtalast særskilt.

6. Styringsdialog og rapporteringar

6.1. Risikovurderingar

Norec skal i forkant av etatsstyringsmøta levere oppdaterte risikovurderingar og identifisere risikofaktorar som kan true resultatane for 2026 og på lengre sikt, og dessutan andre vesentlege risikoar innanfor området for verksemda. Norec skal synleggjere og sette i verk risikoreduserande tiltak innanfor fullmaktene for verksemda, og gi ei vurdering av om Norec vurderer restrisikoen som akseptabel.

6.2. Rapportering

6.2.1. Rapportering til Statsrekneskapen

Norec skal rapportere til den sentrale statsrekneskapen på den måten og innan dei fristane som er fastsette i rundskriv «Rapportering til Statsreknesmålkapen for 2025» frå Finansdepartementet (R-8/2025). Eventuelle feil og manglar som blir identifiserte i rekneskapen skal rapporterast til DFØ og korrigerast fortløpande.

6.2.2. Tertialrapportar

Norec skal utarbeide to tertialrapportar som skal innehalde økonomirapportering på postnivå med status per 30. april og 31. august 2026 og prognosar pr. 31. desember 2026. Norec skal kommentere eventuelle avvik og faseforskyvingar. Rapporten skal vidare gi ei oversikt over status for større oppdrag og føringar av året. Eventuelle avvik i framdrift, og igangsette eller planlagde tiltak for å avgrense risiko eller redusere avvika, skal omtalast. Tabellen under blir brukt i rapporteringa, og skal innehalde alle postar med tildeling til Norec. Alle tal skal gjevast i 1 000 kroner.

Kap. post	Saldert budsjett 2026 + ev. endring RNB 2026	Overført frå 2025	Disponibel løyving 2026	Rekneskapsført pr. 31. august (statsrekneskapen)	Prognose forbruk 2026, inkl. refusjonar.
144.01					
144.21					

6.2.3. Årsrapport

Norecs årsrapport for 2026 utgjer ein del av grunnlaget for Utanriksdepartementets rapportering til Stortinget om oppnådde resultat for budsjettåret 2026. Årsrapporten skal sendast over til departementet innan 15. mars 2027 og skal følgje krava i *Bestemmelser om økonomistyring i staten*, punkt 1.6.1. Det blir elles vist til rettleiar for årsrapportering på nettsidene til DFØ. Årsrapport med årsrekneskap skal publiseres på Norecs heimesider innan 1. mai 2027 etter godkjenning frå departementet.

Omtalen av Del III Årets aktivitetar og resultat skal innehalde:

- Ei overordna vurdering av Norecs bidrag til måloppnåing på berekraftsmåla, jf. kap. 2.
- Vurdering av måloppnåing på dei måla som er sette for verksemda til Norec i kapittel 3. Norec må rapportere på dei konkrete styringsparametrane som er sette. Samtidig er det viktig at rapporteringa òg gir ei kvalitativ vurdering av måloppnåing utover det som styringsparametrane gir av informasjon.
- Utkvittering av andre oppdrag og rapporteringskrav gitt i kap. 3 og eventuelt i supplerande tildelingsbrev.
- Ei kort forklaring for dei interne prioriteringane som er gjorde innanfor hovudoppgåvene gitt i instruks og kva effekt desse prioriteringane eventuelt har hatt.
- Ei kort forklaring for større avvik mellom tildelt beløp og rekneskapsført beløp.

Omtalen av Del IV Styring og kontroll i verksemda skal m.a.:

- gjere greie for korleis aktivitets- og forklaringspliktene blir følgde opp i tråd med føresegnene i likestillings- og diskrimineringslova.
- gjere greie for korleis arbeidet med førebyggjande tryggleik blir følgd opp. Dette inkluderer kunnskapsaukande og bevisstgjerande tiltak.
- gjere greie for eventuelle varslingsaker i løpet av året, og korleis dei er følgde opp.

Norec skal òg rapportere på fellesføringane til regjeringa i årsrapporten sin for 2026. Sjå eigne rapporteringskrav for fellesføringane under kap. 5.

Med venleg helsing

Kjersti Ertresvaag Andersen
assisterande utanriksråd

Siri Edelsteen
seniorrådgjevar

Klima- og miljødepartementet Postboks 8130 Dep 0032 OSLO

Riksrevisjonen Postboks 8130 Dep 0032 OSLO

Brevet er elektronisk godkjend og treng ikkje fysisk signatur.

Kopi: Riksrevisjonen, Klima- og miljødepartementet

Vedlegg 1: Styrings- og budsjettkalender 2026

Dato	Rapport	Utfyllande til levering
Medio jan. – medio feb.	Avslutning årsrekneskap 2025.	Jf. årleg rundskriv R-8/2025 frå Finansdepartementet og eigen informasjon frå UD.
24. februar	Innspel til revidert nasjonalbudsjett for 2026.	Norec skal varsle dersom det på årsbasis er forventet overforbruk eller underforbruk på budsjettpostar der Norec har forvaltningsansvar. Kort beskriving av kva forslaget gjeld og grunngiving, og beløp per kap. og post som forslaget omhandlar. Forslaga skal baserast på kontantprinsippet i § 3 i Stortingets løyvingsreglement som seier at utgifter og inntekter skal takast med i budsjettet for det året dei blir antekne å bli kontant betalt.
13. mars	Årsrapport 2025 og risikovurdering for 2026.	Jf. rapporteringskrav omtalt i pkt. 6.2
April/mai	Etatsstyringsmøte nr. 1 i Førde	Endeleg dagsorden blir fastsett særskilt, men følgjande vil ligge til grunn for innhaldet i møtet: - årsrapport for førre år - satsingar og større arbeidsprosessar for inneverande år, under dette vurderingar av risiko og sannsyn for avvik - strategiar, planar og forventningar framover
24. april	Norecs innspel til arbeidet med statsbudsjettet for 2027 (rammefordelinga), både drift og tilskot.	
15. mai	Første tertialrapport	Jf. rapporteringskrav omtalt i pkt. 6.2
15. mai	Innspel til rapportering i Prop. 1 S for 2027 for dei postar som Norec blir tildelt midlar over.	
15. september	Andre tertialrapport	Jf. rapporteringskrav omtalt i pkt. 6.2
15. september	Eventuelle innspel til nysalderinga for statsbudsjettet 2025.	Norec skal varsle om meir- eller mindrebehov på postane sine. Innspel skal innehalde ei beskriving av kva forslaget gjeld og grunngiving, og beløp per kap. og post som forslaget omhandlar. Forslaga skal

		baserast på kontantprinsippet i § 3 i Stortingets løyvingsreglement som seier at utgifter og inntekter skal takast med i budsjettet for det året dei blir antekne å bli kontant betalt.
Oktober	Etatsstyringsmøte nr. 2 i Oslo	Endeleg dagsorden blir fastsett særskilt, men følgjande vil ligge til grunn for innhaldet i møtet: - andre tertialrapport - satsingar og større arbeidsprosessar for inneverande år, under dette vurderingar av risiko og sannsyn for avvik - strategiar, planar og forventningar framover - oppstart av arbeidet med tildelingsbrevet for 2027
Medio november	Utkast tildelingsbrev 2027	Blir oversendt frå UD
13. november	Ev. innspel til store satsingar og innsparingar for 2028 på postane der Norec blir tildelt midlar.	
Ultimo desember	Tildelingsbrev 2027	Blir oversendt frå UD
15. mars 2027	Årsrapport 2026 og risikovurdering for 2027.	Jf. rapporteringskrav omtalt i pkt. 6.2

Alle innspel frå Norec til Utanriksdepartementet skal sendast til post@mfa.no, med kopi til etatsstyring@mfa.no.

Klima- og miljødepartementet skal motta kopi av tertialrapportar og årsrapport.

Vedlegg 2: Fullmakter

Løyvingsreglementet har fleire føresegner som gir Kongen fullmakt til å fastsette unntak frå dei hovudprinsippa som reglementet elles er basert på. Gjeldande vilkår for bruk av unntaksreglane kjem fram av rundskriv R-110 Fullmakter i samsvar med løyvingsreglementet. Det blir òg vist til Finansdepartementets rettleiar for statleg budsjettarbeid (R-0640 B) som forklarar budsjettfullmaktene nærmare (alle rundskriv frå Finansdepartementet finst på nettsidene til departementet).

Nedanfor er det to typar budsjettfullmakter: Først fullmakter som må delegerast for kvart budsjettår, jf. pkt. A, og fullmakter som er delegerte til Utanriksdepartementet og som Norec må søkje departementet om samtykke til å nytte seg av i kvart enkelt tilfelle, jf. pkt. B. I tillegg blir administrative fullmakter som er delegerte til Norec omtalt i pkt. C.

A. Budsjettfullmakt som må delegerast kvart år, og som med dette blir delegert

- Fullmakt til nettobudsjettering ved utskifting av utstyr på dei vilkåra som kjem fram av pkt. 2.2 i rundskriv R-110.
- Fullmakt til å inngå leigeavtalar (ekskl. husleigeavtalar) og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret. Fullmakta gjeld på dei vilkåra som kjem fram av pkt. 2.3 i rundskriv R-110. For husleigeavtalar gjeld vilkår og prosedyrar som kjem fram av *Instruks om handtering av bygge- og leigesaker i statleg sivil sektor*, sist endra 13. januar 2017.

B. Budsjettfullmakt som er delegert til Utanriksdepartementet og som Norec må søkje departementet om samtykke til å nytte seg av i kvart enkelt tilfelle

- Overføring av ubrukt driftsløyving frå eitt år til det neste, på dei vilkåra som kjem fram av Finansdepartementets årlege rundskriv til departementa i januar.
- Overskriding mot innsparing dei tre følgjande budsjettår, på dei vilkåra som kjem fram av rundskriv R-110, pkt. 2.6.

C. Administrative fullmakter

- Fullmakt til å ta administrative avgjerder om flytting til/frå utlandet, jf. Statens personalhandbok kap. 10.6.4.
- Avgjerdsmakt om å innvilge studiepermisjon med full eller delvis lønn av inntil 1 års varigheit.
- Fullmakt til å bestemme kven som blir tilstått elektroniske kommunikasjonstenester for rekninga til staten, jf. Statens personalhandbok kap. 10.2.
- Fullmakt til å ta stilling til kva godtgjersler som skal givast innanfor ramma av Særavtale for reiser innanlands.
- Fullmakt til å utbetale særlege tillegg, jf. Statens personalhandbok 10.13.5 Ekstraervert – lønn under permisjonar.
- Norec blir gitt fullmakt til å behandle saker om erstatningskrav der utbetalinga ikkje overstig kroner 200 000, under dette å erkjenne erstatningsansvar, og å inngå forlik utan å erkjenne erstatningsansvar. Elles gjeld Justis- og beredskapsdepartementets rundskriv G-01/2017 *Erstatningskrav mot staten – belastning av budsjettkapittel 471, post 71 og fråfall av foreldingsinnvending*.



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Norec
Fjellvegen 9
6800 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:
26/01760 -

Dato:
19.03.2026

Statsbudsjettet 2026 – Norec - supplerande tildelingsbrev nr.1

Vi viser til tildelingsbrev til Norec for 2026. Dette brevet inneheld endringar i tildelingane til Norec som følgjer av Finansdepartementets godkjenning av 3. mars 2026 om å overføre ubrukte løyvingar frå statsbudsjettet for 2025.

1. Tildeling av midlar

Det blir gjort følgjande endringar i tildelinga til Norec for 2026:

Kap.	Post	Formål	Beløp (i 1000 kroner)
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid, Norec	
	01	Driftsutgifter	2 097
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	524
	70	Uttekslingsordningar, <i>kan overførast</i>	1 968
	71	Rekruttering til internasjonale organisasjonar, <i>kan overførast</i>	850
Sum			2 352

2. Rapportering

Tildelingane skal nyttast i samsvar med gjeldande retningslinjer for økonomiforvaltning, og det skal rapporterast på tildelte midlar og oppdrag i tråd med krava til rapportering som er omtalt i det ordinære tildelingsbrevet for 2026.

Postadresse:
Postboks 8114 Dep
0032 Oslo

post@mfa.no

Kontoradresse:
7. juni plassen 1
0251 Oslo

www.regjeringen.no/ud

Telefon:
23 95 00 00
Org. nr.:
972417920

Utanriksrådets kontor

3. Oppdatert oversikt over tildelte midlar

Under følger ei oppdatert oversikt over tildelte midlar i 2026 for Norec.

Kap.	Post	Formål	Beløp (i 1000 kroner)
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid, Norec	
	01	Driftsutgifter	81 106
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	13 992
	70	Utvekslingsordningar, <i>kan overføres</i>	155 445
	71	Rekruttering til internasjonale organisasjonar, <i>kan overføres</i>	70 850
159		Regionløyvingar	
	70	<i>Midtausten, kan overføres</i>	3 975
170		Sivilt samfunn	
	70	Sivilt samfunn, <i>kan overføres</i>	8 000
1482		Internasjonale klima- og utviklingstiltak	
	01	Driftsutgifter	800
Sum			334 168

Med venleg helsing

Kjersti Ertresvaag Andersen
assisterande utanriksråd

Siri Edelsteen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og treng difor ikkje fysisk signatur.

Kopi: Riksrevisjonen